



## Informasjon om straumutkopling

**I nær framtid skal vi skifte sjøkabelen mellom Atløy og Tviberg. Dette er eit omfattande arbeid som krev straumutkopling.**

Vi har berekna at dette arbeidet skal ta 10 – 12 timar. Vi vil køyre aggregat på store delar av Værlandet og Bulandet, men fordi vi vil nytte høvet til å føreta ein del anna nødvendig vedlikehaldsarbeid på same tid, vil det verte straumutkopling for Litle Nikøy, Nikøy, Kjempenes, Hillersøy, austre Gjelsa og Båtsmannskjer store delar av denne dagen.

Dagen vil begynne med straumutkopling for alle vest av Atløy. Denne utkoplina vil vare ca 4 -5 timar fordi vi då vil arbeide på linjenettet fleire plassar samstundes. Når dette arbeidet er ferdig vil vi kople inn aggregat der det er praktisk mogleg. For at denne aggregatdrifta skal være stabil vil vi be om at de ikkje brukar meir straum enn naudsynt, ved at de for eksempel sler av varmtvasstank og varme på rom som ikkje er i bruk. På Nikøy (ved butikken) skal vi føreta omfattande utskifting i nettstasjonen, noko som betyr at Litle Nikøy, Nikøy, Kjempenes, Hillersøy, austre Gjelsa og Båtsmannskjer vert utan straum til dette arbeidet er ferdig. Det er godt mogleg at dette arbeidet vil ta heile dagen, dvs. 10 – 12 timar. Datoen for dette arbeidet er sett til torsdag 15. nov. 2012. Dersom vêrforholda er for dårlege til kabellegging må vi utsette dette.

Kundar som har registrert mobiltelefonnummer hos SFE, vil få SMS om eventuelle endringar for dato og/eller klokkeslett med omsyn til utkoplina. Ring gjerne kundesenteret vårt for å registrere mobiltelefonnummeret ditt dersom vi ikkje allereie har det. På den måten får du SMS med informasjon.

Kundar på Alden og Bjørnanes på Atløy vil få eigne varsel om utkoplingstider.

Vi beklagar at dette arbeidet ikkje er blitt lagt til ei anna årstid, men det skuldast problem med leveranse av sjøkabel og samstundes kabelbåt.

Vennleg helsing SFE Nett